



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

VA-prosjekt & Anlegg AS
Garlivegen 15
2900 FAGERNES

Delegert sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vedtaksdato:

LYSROG - 26/1564

44/191, M45

14.08.2026

Saksnr.	Utval
229/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
203/26	Kommunestyret

44/191, Øyangen 22 - Mellombels utsleppsløyve privat avløpsanlegg

Tiltak: Privat avløpsanlegg for svart- og gråvatn
Byggjestad: Gnr: 44, bnr: 191, Øyangen 22, 2943 ROGNE
Tinglyst eigar: Lai-Ingar Holsen Terje Goflebakke
Vestbyveien 37c Kølbrøtavegen 170
1914 YTRE ENEBAKK 2943 ROGNE
Ansvarleg søkjar: VA PROSJEKT & ANLEGG AS

Vedtak:

Utsleppsløyve

Med heimel i forureiningsforskrifta §§ 12-5, 12-6 og kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak, søknad om utslepp for ein fritidsbustad for svart- og gråvatn på gnr. 44, bnr. 191, Øyangen 22. Anlegget er dimensjonert for 5 pe.

Løyve er godkjent på grunnlag av søknad om datert 15.06.2026 med vedlegg.

Byggeløyve

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3, jf. § 20-1 og kommunalt delegasjonsreglement godkjenner kommunedirektøren v/leiar av næring, plan og byggesak søknad om utslepp for ein fritidsbustad for svart- og gråvatn på gnr. 44, bnr. 191, Øyangen 22. Løyve er gjeve på grunnlag av «søknad om utslepp frå mindre avlaupsanlegg i Øystre Slidre kommune» datert 15.06.2026 med vedlegg.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

1. Avløpsanlegget og utsleppet skal tilfredsstille gjeldande nasjonale og lokale forskrifter.

2. *Valdres Kommunale Renovasjon (VKR), har ansvaret for tøyming av private avløpsanlegg i kommunen. Anlegget skaletablerast og driftast i samsvar med Forskrift om tømning og tilsyn av mindre avløpsanlegg som ikke er knyttet til kommunalt ledningsnett i kommunene i Valdres.*
3. Anlegget skal tøymast kvart 4. år eller oftare ved behov.
4. Det må etablerast peilerøyr i enden av infiltrasjonsgrøfta for å kunne kontrollere vassnivå og funksjonen til anlegget ved framtidig drift og tilsyn.
5. Dersom det i framtida vert utarbeidd og vedteke ein reguleringsplan for området som stiller krav om tilknytning til eit felles avløps- eller reinseanlegg, pliktar eigaren/festaren av tomta å knyte eigedomen til dette anlegget

Saksopplysningar

VA PROSJEKT & ANLEGG AS har, på vegner av tiltakshavar, sendt inn søknad om løyve til etablering av privat avløpsanlegg på eigedomen gnr. 44, bnr. 191, Øyangen 22. Søknaden er datert 15.06.2026 og vart motteken og journalført av kommunen 11.08.2026.

Det er søkt om utslepp av svartvatn og gråvatn frå fritidsbustaden. Anlegget er dimensjonert for 5 personekvivalentar (PE).

Eigedomen har drikkevassforsyning frå eigen borebrønn.

Den hydrauliske kapasiteten er målt til 1,37 m³ per døgn.

Den omsøkte avløpsløyvinga består av ein trekamra slamavskiljar på 4m³, med etterfølgjande infiltrasjon gjennom IN-DRÄN-modular med ei samla lengd på 12 meter.

Det skal nyttast 110 mm avløpsrøyr frå fritidsbustaden til slamavskiljar og vidare fram til IN-DRÄN-anlegget. IN-DRÄN-modulane skal leggjast på ei 25 cm tjukk pukkpute og dekkjast med fiberduk før stadlege massar vert tilbakeførte.

Anlegget skal sikrast mot frost og oppdrift og etablerast i samsvar med innsendt prosjektering og dokumentasjon.

Planstatus

Eigedomen er ikkje regulert ved reguleringsplan. Det er «Arealdelen til kommuneplanen 2026-2038» som er gjeldande for området. Arealformålet for eigedomen er «fritidsbebyggelse. Eigedomen ligg i H-410-SA (Spreidd Avlaup).

Krav som gjeld i infrastruktur – vatn og avlaup – omsynssonenamn H-410-SA (spreidd avlaup)

«Innan desse sonene skal i utgangspunktet alle nybygg og tilbygg på bruksendringar med innlagt vatn koplust til felles avlaups- og vassforsyningsanlegg. Tilsvarande gjeld innlegging av vatn og etablering av avlaup i eksisterande bygg. Men i desse sonene kan det, etter dokumentasjon i samsvar med kommunedelplan for vassmiljø,

vassforsyning og avlaup, bli gitt mellombels utsleppsløyve for separate anlegg inntil vass- og avlaupsanlegga er bygde.

Jf. vassforskrifta § 4, skal tilstanden til overflatevatn beskyttast mot skjemming, utbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomsten skal ha god økologisk og kjemisk tilstand. Tabellen nedanfor syner vassførekomstar i område med infrastruktursoner I-410-SA med tilstand som ikkje er innafor miljømålet.

Vassførekomst ID	Vassførekomst namn	Økologisk tilstand	Kjemisk tildtand
012-33045-L	Reinsennvatnet	Moderat	Ikkje klassifisert
012-616-L	Yddin	Moderat	Ikkje klassifisert
012-3116-R	Yddin bekkefelt	Moderat	Ikkje klassifisert
012-3117-R	Trøllåsåni	Moderat	Ikkje klassifisert

Før det kan gjevast utsleppsløyve for anlegg med avrenning til vassførekomstar nemnt i tabellen ovanfor, skal det gjerast tiltak for å betre tilstanden i vassførekomstane».

Nabovarsling

Tiltaket er varsla i tråd med plan- og bygningslova § 21-3 og forureiningsforskrifta § 12-4. Det har ikkje kome inn merknader eller innvendingar frå naboar eller gjenbuarar i samband med nabovarslinga. Kommunen legg difor til grunn at det ikkje ligg føre nabomerknader til det omsøkte tiltaket.

Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Dato	Tiltaksklasse	J.dato
VA PROSJEKT & ANLEGG AS	PRO	15.06.2026	1	17.08.2026
Pål Nordhagen AS	UTF	15.06.2026	1	17.08.2026

Der ansvarsområdet ikkje er ansvarsbelagt skal det sendast inn *Erklæring om ansvarsrett* jf. SAK10 § 5-1, før arbeidet for ansvarsområdet startar.

Teikningsdokumentasjon



Figur 1: Situasjonskart

Vurdering

Eigedomen er ikkje regulert ved reguleringsplan. Det er Arealdelen til kommuneplanen 2026-2038 som er gjeldande for området. Arealformålet for eigedomen er «*fritidsbebyggelse*». Eigendomen ligg i infrastrukturene H-410-SA, og området skal forvaltast som spreidd avløp i planperioden. Det er gjennomført DOK-analyse 14.08.2026.

VA PROSJEKT & ANLEGG AS skriv følgende i sin avløpsplan: «*Plasseringen for avløpsanlegget vil ikkje ha innvirkning på vannforsyning, bekker eller vassdrag i område som naturlig grenser inn mot tomten der anlegget skal etableres*»

Søknaden skal vurderast etter Vassforskrifta § 12, som seier følgjande:

«12. Ny aktivitet eller nye inngrep

Ny aktivitet eller nye inngrep i en vannforekomst kan gjennomføres selv om dette medfører at miljømålene i § 4–§ 7 ikke nås eller at tilstanden forringes, dersom dette skyldes:

- a) *nye endringer i de fysiske egenskapene til en overflatevannforekomst eller endret nivå i en grunnvannsforekomst, eller*
- b) *ny bærekraftig aktivitet som medfører forringelse i miljøtilstanden i en vannforekomst fra svært god tilstand til god tilstand.*

I tillegg må følgende vilkår være oppfylt:

- a) *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i vannforekomstens tilstand,*

- b) *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene skal være større enn tapet av miljøkvalitet, og*
- c) *hensikten med de nye inngrepene eller aktivitetene kan på grunn av manglende teknisk gjennomførbarhet eller uforholdsmessig store kostnader, ikke med rimelighet oppnås med andre midler som miljømessig er vesentlig bedre.»*

Etablering av spreidd avløp er i tråd med handlingsplanprogrammet føresett at området er eigna for infiltrering av slamavskilt avløpsvatn.

Søknaden omfattar utslepp av svart- og gråvatn frå hytte med 5 pe. Vedlagt utrekning av den hydrauliske kapasiteten er 1,37 m³ per døgn. Den hydrauliske kapasiteten er ivaretake. Kommunen sin vurdering er at etablering av 4m³ slamavskiljar og typen IN-DRÄN biobed som prosjektert er i tråd med gjeldande planar og forskrifter.

Etablering av eit nytt avløpsanlegg etter dagens krav vil sikre god reinsing av avløpsvatnet. Hensikten med omsynssonen er å sikre eigedomar med ei vass- og avløpsløyving.

Det er per i dag ikkje etablert noko VA-nett i nærleiken til eigedomen. Etablering av privat vass- og avløpsløyving er difor naudsynt for å kunne nytte eigedomen. Etablering av nytt avløpsanlegg etter dagens krav til reinsing vil ikkje sette omsyna til side, og krava i vassforskriftas § 12 er oppfylt.

Næraste vassførekomst, Øyangen, ligg om lag 290 meter frå det planlagde avløpsanlegget. Med bakgrunn i avstanden og den dokumenterte reinsekapasiteten til anlegget vurderer kommunen at tiltaket ikkje vil medføre negativ påverknad på vassførekomsten.

Dersom det kjem kommunalt leidningsnett så langt mot tomte at denne kan krevjast tilkopla, vert det berre gjeve eit mellombels utsleppsløyve inntil tilkopling kan føretakast, sjølv om dette kan ligge noko fram i tid.

Det vert gjeve mellombels utsleppsløyve for etablering av privat avløpsanlegg føresett at anlegget blir etablert i samsvar med søknad.

Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med *Søknad om ferdigattest* før det blir take i bruk jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ved søknad om ferdigattest skal det liggje ved GPS-koordinatar av komponentane, fotodokumentasjon av alle vesentlege fasar av byggeprosessen og oppdatert gjennomføringsplan.

Gebyr

For handsaming av søknaden blir det eit gebyr på kr. 10582,- jf. punkt 6.1.1 *Handsaming av søknad om utsleppsløyve for avløpsanlegg 1-15 p.e* i gebyrregulativ for kommunen. Faktura blir sendt tiltakshavar.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekket med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
4. Anlegget/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
5. Anlegget/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
8. Anlegget skal dimensjonerast, byggjast og drives i samsvar med gjeldande regelverk og forskrifter som *Forureiningsforskrifta*, *Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg*, *Øystre Slidre kommune*», *Handlingsplan for spreidd avløp 2019-2028* og *VA/Miljøblad nummer 48, 59, 99 og 100 og Plan- og bygningslova* . Anlegget og komponentane skal være SINTEF-godkjend.
9. Dersom det ved tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jf. lov om kulturminne § 8. Melding skal narast sendast til kulturminnestyremaktene i Innlandet fylkeskommune.
10. Anleggseigar pliktar til å unngå forureining jf. forureiningslova § 7.
11. Dersom det blir bygd VA-leidning i nærleik av eigedommen så nært at den kan krevjast tilkopla, må eigedommen koplast til offentleg vass- og avløpsnett jf. plan- og bygningslova § 27-1 og § 27-2 med heimel i § 30-6.

Klagerett

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Roger Nymoen Lyseng
Saksbehandler

Vedlegg

Lokal_forskrift_om_utslepp_Øystre_Slidre_kommune,
Lokal_forskrift_om_tømming_tilsyn_Valdres

Kopi til:

Lai-Ingar Holmsen	Vestbyveien 37c	1914	Ytre Enebakk
Pål Nordhagen As	Sløssåsveien 18	1914	Ytre Enebakk
Terje Goflebakke	Kølbrøtavegen 170	2943	Rogne

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan underskrift, i samsvar med våre rutinar